



Kranen på Eidsvik vert demontert for service og skrifte av svingkrins. Bilete syner montørane på ein luftig arbeidsplass.

Det vert i desse dagar utført servicearbeid på den store industrikranen på Eidsvik Eigedom. Kranen er demontert, men vil vera på plass att om nokre veker. Nokre lesarar av Uskedalen.no har sendt oss bilete som syner montørane i arbeid, og det utan høgdeskrekk. Kranen har i mange år vore eit landemerke i Uskedalen.

Grenda skriv i dag at oppgraderinga vert gjort no før Selstad AS er på plass med si verksemd i hallane. Det vert skifta svingkrins på den 15 år gamle kranen. Naudsynt servicearbeid vert gjort for å få kranen sertifisert og klar for bruk. For å få dette gjort, måtte kranen demonterast.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Torkel Stensletten